

Bruer i Sunndalen

Utvikling av Sunndalsvegen

Innlegg ved markering av ferdig Elverhøybru
27. juni 2024

ved Svein Solbjørg (vegvesenpensjonist)

Kjelder bl.a.:

- Boka «**Om samferdsel i Møre og Romsdal. Møre og Romsdal Fylkesbåtar 1920-1995. Del II: Samfunn og ferdsel**» ved tidlegare vegsjef Arne Inge Torvik m. fl.
- **Artikkel om «Offentlege ferjestader ved Driva i Sunndal»** av Bjarne Rekdal, inntatt i Statens vegvesen Møre og Romsdal sitt bedriftsblad «Veg og Virke» nr 1 – 1985.

Ut frå dette skreiv eg ein artikkel i **årsskriftet for 2022 for «Leikvin» i Sunndal**, med tittel «Kryssingar av elva Driva ved Romfo, Ørsund og Musgjerd»

Offentlege vegar 1825-1845 i Sunndal

Ved **kgl. res. 6. sept.1825** (vedtak som hovudveg eller bygdeveg i samsvar med veglova av 28. sept. 1824):

Bygdeveg frå Sunndalsøra til grensa mot Søndre Trondhjems amt (Oppdal) 3 ¼ mil.

(Bygdeveg mest eit «bygdeanliggende» med pålagt arbeid på tildelte vegstykke (rodeinndeling))


Bygdeveg Sunndalsøra - amtsgrensa/Oppdal før 1849

Vegen kanskje kjørbær med hest og vogn etter pliktarbeid?

(Utvikling: stig - rideveg/kløvveg – veg for hest/vogn)


- Bygdevegen låg på nordsida av Driva frå Sunndalsøra til Øverhølen ved Musgjerd
- **Ferjing** i Øverhølen
- Veg Musgjerd-Ottem
- **Ferjing** ved Ottem (litt nedanfor Ottembrua)
- Veg frå Ottem (nordsida av dalen) til amtsgrensa

To ferjestader på bygdevegen i Sunndalen før 1849



- Kgl. resolusjon 30. des 1823: **fastsette betaling for ferjing over elva i Sunndal**
- Fleire stader: Vansker med å få ferjemann. Misnøye med betalinga
- Bruer?

1849: Ørsundbrua erstatta ferjing ved Musgjerd. Sunndal kommune dekte kostnaden med brua (bygdeveg)



ØRSUNDBRUA AVLEVERT 15. AUG. 1849

Sprengverksbru (i tre) (?) Avstand mellom fundamenta ca. 40 m. Svak bru? Rasproblem mellom brua og Romfo.

Brufundament (foto Teodor Gravem 2015)



Brufundament (foto Tor Helge Gravem 2021)



Frå bygdeveg til hovudveg, finansiering m.m

- **1857:** Vegen gjennom Sunndalen klassifisert som **hovudveg** (kgl. resolusjon).
- **Statlege tiltak kom etter 1864 sterkt inn på Sunndalsvegen etter etablering av det statlege Vegdirektoratet i 1864**
- **I 1865:** Vedtak i amtstinget om å løyve 1/3 av kostnaden til omlegging av hovudvegen gjennom Sunndalen, inkl. bl.a. bru ved Ottem.

Prosjekt frå 1866 til 1900 – Stor aktivitet bl.a.

1869-72: Bru over Driva ved Ottem

1873-77: Bru over Driva ved Brækhaug/Gikling (nedstrøms for dagens Falebru).

Bru ved Elverhøi.


Flytta hovudvegen til sørsida av Driva ved bygging av veg Fale-Løykja

1875-77: Bru over Driva ved Romfo. Vegbygging Snøva -Ørsund

1886: Brækhaug/Gikling trebru skifta ut (kort levetid !)

1892-93: Elverhøi trebru skifta ut (kort levetid!)

Bru ved Ottem fullført 1870 – då fast vegsamband i Sunndalen



- I 1864 vanskar å få ferjemann til å utføre overfart ved Ottem
- Ottembrua fullført/avlevert 30. aug. 1870

Første Romfo bru bygd 1875-1877



Erstatta Ørsundbrua og rasparti Romfo- Ørsundbrua

- Sprengverksbru i tre på steinpillarar i tre spenn, totallengd 69,2 m (25,3+30,0+13,9 m)
- Kjørebanebreidde 2,92 m. Breidde mellom rekkverk 3,07 m

Bildet viser at brua frå 1876 er under riving, tatt 1940-41

Foto avd.ing Olav Benterud i SVV

Bruer ved Fale




Senterposisjon: 184179.47, 6959839.87
Koordinatsystem: EPSG:25833
Utskriftsdato: 31.03.2024

0 50 100 150 200m



- **1873-77:** Første bru ved Fale : Brækhaugbrua/ Giklingbrua. Trebru. Låg noko nedanfor dagens Falebru
- **1886:** Trebrua utskifta med 28,86 m lang «Jernoverbygning fra Rodeløkkens Jernstøberi»

Elverhøybrua




Senterposisjon: 176860.61, 6962511.92
Koordinatsystem: EPSG:25833
Utskriftsdato: 06.04.2024

0 50 100 150 200m



- **1873-77:** Bygde trebru over Driva ved Elverhøy
- **1892-93:** Trebrua skifta ut med «Jernoverbygning». Spenn $24,5+22,3+22,3=70$ m, kjørebane 2,6 m

1873-77: Bygging av veg Fale-Løken (Løykja) med bru over Driva ved Brækhaug/Gikling og ved Elverhøy. Hovudvegen til sørsida av Driva



Bygdeveg til 1857
Hovudveg 1857-77. No fylkesveg

Hovudveg frå 1877. No rv 70

Elverhøy

Fale

Driva

Kva skjedde 1900-1940 ?

Vegbudsjettprop. 1920: Spørsmål om løyving av midlar til utbetring av Sunndalsvegen «**særlig av hensyn til forbindelse med Dovrebanen**». Tiltak bl.a.:

- **1928:** **Vegen vart Riksveg**
- **1932:** I juli vart **Ottem og Fale bruer rivne av flaum**
Atter ferjing ved Ottem
- **1934:** **Ny Ottembru opna for trafikk 1934.** Stålfagverk med 68 m spenn, kjørebane 4,3 m og betongdekke. Står der i dag
- **1935:** **Ny Falebru opna 1935** (same type og lengd som Ottemsbrua)

«Status» 1940

Vegen frå fylkesgrensa til Sunndalsøra var svak og utrygg, mellom anna:

- Rasstrekning mellom Gråura og Gjøra
- Rasstrekning mellom Gravem og Ottem
- Romfo bru var ei sprengverksbru i tre (opna i 1876). Kjørebane 2,92 m
- Elverhøi bru med «jernoverbygning» (bygd 1892-93). Kjørebane 2,6 m

Men det var **nye bruer** ved Ottem og Fale (frå 1934 og 1935)

1940-41 Sprenging og riving av Romfobrua frå 1876



- Nordre spenn av brua vart sprengt av **norske styrkar** natt til 30. apr. 1940 då dei trekte seg tilbake frå Oppdalsområdet til Tingvollhalvøya (sjå fylkestingsboka 1942 og boka «Norges Krig 1940-45»).
- Før **tyske styrkar** kunne kjøre over måtte brua forsterkast (mellombels). Sjå bildet
- Her er brua under riving

Brubygging ved Romfo 1940-41



Interimsbru

- Sett nedover dalen
- Gjenbruk av fundamenta til brua av 1876, derfor interimsbru
- Ca. 100 nedafor brua av 1876 og litt ovafor brua på dagens rv 70
- Ca. 50 m lang interimsbru
- Også i dag ser vi kor vegane fram til brua har gått

Foto avd.ing. Benterud i SVV

Brubygging ved Romfo 1940-41



- Sett oppover dalen
- Gjenbruk av fundamenta til brua bygd i 1876
- Forskaling og stillas er på plass
- Bustader for arbeidarar, lager og verkstad til høgre
- Vinteren 1941?

Foto avd.ing Olav Benterud i SVV

Brubygging ved Romfo i 1940-41



- 19 personar på bildet
- Armeringa er på plass.
- Klart for å starte betongarbeidet

Fotograf truleg avd. ing. Olav Benterud i SVV (fått av Tor Helge Gravem)

Elverhøybrua



- **1941:** Ny Elverhøi-bru tatt i bruk
- Erstattet smal bru frå 1892-93

Senterposisjon: 176860.61, 6962511.92
Koordinatsystem: EPSG:25833
Utskriftsdato: 06.04.2024


0 50 100 150 200m

Aktivitet 1945-1968

Konsekvens av stortingsvedtak om Aura kraftverk og Sunndal Verk:

- Den svake og utrygge riksvegen frå fylkesgrensa til Sunndalsøra måtte byggjast fullstendig om.
- Dette vart gjennomført i åra 1957-68

Rv 70 Fylkesgr.-Ottem



- **1960: Liahjellbrua (130m)** og
- **Gjørabrua (154m).**
- Vegomlegging mellom bruene
- **1961: Klinghammar-overbygget**
- **1958: Bjørbekkjebrua (130m)** som erst. Ottembrua frå 1935
- Vegomlegging Ottem-Gravem
- Parsellen Fylkesgrensa - «Ottemslina» **ferdigbygd i 1962**

Rv 70 Ottem-Sunndalsøra

- Bl.a.:
- 1957-58: Ny veg utanom Musgjerdgrenda
- 1963: **Ny Romfobru** (L=123 m). Ny veg Ørsund - Romfo
- 1968: **Ny Falebru** (L=134 m). **Gammelbrua flytta til fv Gjøra** (erst. svak hengebru frå 1918, 2 tonn aksellast)
- 1966: Flatvadura, 2 rasoverbygg (L= 81,5 m + 81,5 m)
- 1963: **Grøabrua** med omlegging forbi Grøa til Elverhøy
- 1982: **Gangbru langs Elverhøybrua**
- 2023: **Ny Elverhøybru (opna for trafikk 21.12.2023). Bru nr 4 der**


Takk for meg !

Bruer på fv ved Gjøra



- Ferjing 1889-1918
- **1918**: 1. Nisjabru – hengebru
- **1968** : Brua med 2 t aksellast erstatta av Falebrua frå 1935. Dvs. **Gjenbruk av bru**

Veg til sørsida av Driva på Gjøra



- 1889: Veg Ottem bru-Bjørbekk-Hjelmo bru nedl. som off. veg
- Erst. av veg frå Gjøramoen til vegskillet ovafor Hjelme bru og ferjing ved Øvre Nisja.
- Alt i 1894 diskusjon om bru
- **1918 (15/8) Nisja bru** avlevert (Finansiert stat 50%, amt 20 %, komm. 30 % (distriktstilskottet)). Planlagd fagverkbru, men bygde hengebru med aksellast 2 tonn
- **1968:** Bru frå 1918 rive, erst. av Falebrua frå 1933. **Dagens Nisjabru**